



VOSS KOMMUNE
Formannskap/ plan og økonomi

KOMM. OG REG. DEP
02 FEB 2006
05 13280-145
Ark. 661.0
Avd. KO 1 KØ 1 HER

Det kong. Kommunal og Regionaldepartement
Postboks 8112 Dep

0032 OSLO

Vår ref	Etat/ avd.	Saksbeh	Ark.	Dykkar ref.	Dato
05/1527-6 1923/06	PO	EAA	150		30.01.2006


INNTEKTSSYSTEMET FOR KOMMUNAR OG FYLKESKOMMUNAR - HØYRING

Formannskap/ plan og økonomi behandla i møte 26.01.2006 sak 16/06.
Det vart gjort følgjande

Vedtak:

- 1 FPL sluttar seg til den vedlagde høyringsutalen

Med helsing


Einar Hauge
rådmann

Vedlegg: Samla saksframstilling

Kopi til: Økonomisjefen, ,

SAMLA SAKSFRAMSTILLING**Arkivsak:** 05/1527-1848/06**Saksbeh.:** Bernt Eilev Aalvik**Arkivkode:** 150

Saksnr.:	Utval	Møtedato
16/06	Formannskap/ plan og økonomi	26.01.2006

SAMLA SAK - INNTEKTSSYSTEMET FOR KOMMUNAR OG FYLKESKOM... - HØYRING**Innstilling:****Administrasjonen si innstilling:**

- 1 FPL sluttar seg til den vedlagde høyringsutalen

Formannskap/ plan og økonomi den 26.01.2006 sak 16/06**Behandling i møte:**

Administrasjonen si innstilling vart samrøystes vedteken.

Vedtak:

- 1 FPL sluttar seg til den vedlagde høyringsutalen

Administrasjonen si utgreiing:**2. DOKUMENT SOM BAKGRUNN FOR SAKA:**

Dokument merka med * ligg ved.

* Høyringsutale NOU 2005: 18 Fordeling, forenkling, forbedring – Inntektssystemet for kommuner og fylkeskommuner

3. SAMANDRAG AV SAKA:

Inntektssystemutvalget blei oppnevnt ved kongelig resolusjon av 3. oktober 2003. Utvalget leverte sin utredning – NOU 2005: 18 Fordeling, forenkling, forbedring – Inntektssystemet for kommuner og fylkeskommuner den 10. oktober 2005.

Utredninga vart sendt ut på ei brei høyring m.a. til alle kommunar.

Det er spesielt nye indeksar for utgiftsutjevning som er nytt i høve til dagens system.

4. FAKTA OM SAKA:

Tabellen viser endringar frå gamal til ny utgiftsutjevning.

VOSS kommune

Beregning av utgiftsbehov - tillegg/trekk i kroner for år

Sektorer	Dagens kostnadsnøkkel	Ny kostnadsnøkkel	Dagens	Ny	Endring
			Tillegg/ fradrag i utgiftsutj kr.pr.innb	Tillegg/ fradrag i utgiftsutj kr.pr.innb	kr pr innb
Administrasjon	0,9853	0,9751	-59	-71	-12
Landbruk/miljøvern	1,8512		143		-143
Skole	0,9978	0,9666	-17	-291	-274
Pleie- og omsorg	1,3105	1,3595	2 766	3 362	596
Helse	0,9999	1,0306	-0	38	38
Barnevern	0,7816	0,7933	-144	-194	-50
Sosialhjelp	0,7230	0,6962	-547	-483	65
Kostnadsindeks	1,0868	1,09556	2 142	2 361	220
(Tillegg/trekk kr pr innb.)					
Dagens tildeling morsmål m.m for 2005 / ny økt innbyggertilskudd (flat beløp)			149	163	15
Samlet utslag knyttet til endring med ny nøkkel (tall fra linje 18 + linje 23)					246

En ny kostandnøkkel for utgiftsutjevning gjev ein auke i rammetilskot på kr. 246 pr. innbyggjar.

5. ADMINISTRASJONEN SI VURDERING:

I høringsuttalen er det tatt utgangspunkt i KS Sogn og Fjordane si høringsutale. Voss kommune sin uttale følgjer stort sett denne malen der det er relevant for kommunen. I den nye nøkkelen for utgiftutjevning er nøkkel for landbruk/miljøvern tatt bort. Administrasjonen meiner at denne må vera med i ein kostnadnøkkelen for kommunane.